

Fra: Åsgeir Litlere (asgeir.litlere@gmail.com)

Sendt: 20.03.2016 23:56:24

Til: Kultur- og idrettsavdelinga - Postmottak

Kopi:

Emne: Fwd: Kvittering på innsendt Kulturtiltak - amatør

Vedlegg: Kvittering.pdf

Kulturtiltak - Amatør Hamnedagane i Sund 2016

Karsten Klepp i Kleppe Grendalag sendte dykk søknad om tilskot til Hamnedag på Kleppe. Vi har fått dykkar førebelse svar, som de kan sjå under.

No har vi fått tildelt æra å dele ut minneprisen for Johannes Kleppevik vårt arrangement; Hamnedagen 2016 Dette er ei stor sak for ære for oss, som vi ønskjer de skal kjenne til som ein del av søknaden vår. Johannes Kleppevik vaks opp på Kleppe. Han sang og spela om kystkulturen på Sotra. Dette er også kjerna i vårt arrangement då vi ønskjer å vise fram den lokale kystkulturen på Kleppe og i Sund.

Frå stiftinga si eige heimeside kanvi lese: Stiftinga Johannes Kleppevik sitt minnefond vart oppretta av Sparebanken Vest i 2002 med føremål å fremja kystkulturen i Hordaland. Kwart år deler styret for stiftinga ut ein pris som skal gå til einskildpersonar, lag og organisasjonar som på ein framifrå måte fremjar kystkulturen i Hordaland.

De kan lese meir om ved å besøkje deira heimeside. <http://johanneskleppevikminnepris.com>

Eg håper de kan leggje denne saka til vår søknad, sjøl om det kjem på mail som dette. Om ikkje må de berre gi ein tilbakemelding på dette :-)

KLEPPE GRENDALAG
Kleppe
5378 KLOKKARVIK

Kulturtiltak – amatør Hamnedagane på i Sund - førebels svar

Vi har motteke dykkar søknad om tilskot.

Søknaden vert førebudd av Kultur- og idrettsavdelinga. Når saksførebuinga er avslutta legg fylkesrådmannen saka fram for politisk handsaming og avgjerd i utval for Kultur, idrett og regional utvikling. Det er planlagt at saka skal avgjerast i utvalet innan 3 mnd. [Sjå møteplan](#)

De vil bli underretta om utvalet sitt vedtak i eige brev, jfr. forvaltningslova § 27. Saka og vedtaka vil også verte kunngjort på våre [nettsider](#) dagen etter møtet.

Eventuelle spørsmål kan rettast til 55 23 91 85 eller kultur@hfk.no

Venleg helsing
Hordaland fylkeskommune

